

# Butikken er også ein viktig møteplass!

#handlelokalt



*Langt vest, mellom holmar og skjær: Lokalbutikken på Røvær er ein populær møteplass.  
Akkurat slik butikkane også er i vårt distrikt.*

Når du handlar varer og tenester i lokalsamfunnet, får du som oftast den vara eller tenesta du treng. Men i tillegg er du med på å halde oppe verksemda og butikken i nærleiken av deg. Det betyr faktisk ganske mykje det også, både for deg sjølv og truleg også for familien din og folk du kjenner.

Til dømes har mange ungdommar sitt første møte med arbeidslivet nettopp i ein lokal butikk – som helgejobb eller sommarjobb. Seinare stiller kanskje butikken eller andre lokale bedrifter opp som sponsor for idrettslaget eller kulturaktivitetar. Mange lokale butikkar er også møteplass for eldre generasjonar. I eller utanfor butikken møtest gjerne pensjonistar og andre til ein prat om både gamledagar og dagens nytt.

I mange butikkar finn du også postkontor, medisinutsal og tippservice. Nokre driv også med turistinformasjon, sel drivstoff for bilar og båtar, eller fungerer som bibliotekfilial. I nokre kommunar har også ordføraren utekontor i butikken nokre gonger i året! Den lokale butikken din er difor noko langt meir enn ein plass der du får tak i brød og mjølk, den er også ein viktig møteplass.

Difor får du både i pose og sekk når du handlar lokalt. Du får som oftast det du treng. Og du er med på å halde oppe ein viktig institusjon i nærleiken. Tenk gjerne over det neste gong du skal ha tak i noko.

#handlelokalt